

## Informasjon til deg som kjem til tidleg ultralyd ved Førde sjukehus


Stortinget har vedtatt at alle gravide i Norge skal ha tilbod om tidleg ultralydundersøking (veke 11-14) i tillegg til den ordinære ultralyden i veke 18 som dei fleste gravide er kjent med frå tidlegare. Er du 35 år eller eldre ved termin har du også tilbod om såkalla NIPT (non invasiv prenatal test). Du har blitt henvist til ein eller begge av desse undersøkingane og får dermed dette informasjonsskrivet.

### NIPT og tidleg ultralyd

NIPT er ein blodprøve frå mor som gir eit risikoestimat for trisomi 13 (Pataus syndrom), 18 (Edwards syndrom) og 21 (Downs syndrom). NIPT skal også tilbydast kvinner under 35 år der ein av foreldra er bærar av alvorleg genetisk sjukdom, det er funn ved ultralydundersøkinga som gir mistanke om kromosomfeil eller det er indikasjon for fosterdiagnostikk på annan indikasjon. NIPT er ein masseundersøkingstest og gir ingen sikker diagnose. Ved påvist auka risiko for kromosomavvik ved NIPT vil ein derfor få vidare tilbod om diagnostisk invasiv test i form av fostervassprøve eller morkakeprøve.

### Fosterdiagnostikk er frivillig og krev signert samtykke

Det er du som er gravid som bestemmer om du ønsker å ta imot tilbod om fosterdiagnostikk og som samtykker til at undersøkingane skal gjennomførast. Du vil få samtykkeskjema til underskriving når du kjem til undersøkinga hos oss. Det er ein fordel om du og evt partnaren din set dykk inn i kva denne undersøkinga innebær før du kjem til oss då vi kun har begrensa tid ved kvar konsultasjon. QR-koden nedanfor kan du scanne med mobilen din og gir tilgang til ein enkel og informativ video som vi ønsker at de ser før de kjem:



*QR-koden gir tilgang til ein informasjonsvideo laga av OUS som heiter fosterdiagnostikk. Denne lenke går direkte til you tube. Du kan også finne filmen på heimesida til Helse Førde/Kvinneklinikken.*

Velkommen til oss.

